

Protokoll frå årsmøte i Havstril padleklubb 2023

Årsmøtet vert avhalde på Frivilligsentralen, Austevollbadet, torsdag 16. mars 2023

Sak 1 Godkjenning av medlemmar med stemmerett

Det var sju medlemmar med stemmerett som var møtt opp.

Forslag frå styret:

Dei sju frammøtte vert godkjende med stemmerett.

Følgande hadde ordet i saken:

Trond Hagenes

Vedtak: Samrøystes vedteke.

Sak 2 Val av dirigent

Forslag frå styret:

Trond Hagenes vert føreslått som dirigent.

Følgande hadde ordet i saken:

Rune Hevrøy og Ingeborg Astrid Kleppe

Vedtak: Forslaget vert samrøystes vedteke

Sak 3 Val av protokollførarar

Forslag frå styret:

Ingeborg Astrid Kleppe vert vald som protokollførar

Følgande hadde ordet i saken:

Trond Hagenes

Vedtak: Forslaget vert samrøystes vedteke.

Sak 4 Val av to medlemmar til å underskriva protokollen

To medlemmar som ikkje sit i styret vert valde til å underskriva.

Forslag frå styret:

Ingunn Anne Berge Vik og Eirik Bendiksen vert valde til å underskriva protokollen.

Følgande hadde ordet i saken:

Trond Hagenes, Eirik Bendiksen og Ingunn Berge Vik.

Vedtak: Forslaget vert samrøystes vedteke.

Sak 5 Godkjenna forretningsorden

Formelt forslag vert lagt fram, men poengtert at handsignal vert godkjent for å be om ordet.

Forslag frå styret: Forretningsorden vert godkjent.

Følgande hadde ordet i saken:

Trond Hagenes

Vedtak: Forslaget vert samrøystes vedteke

Sak 6 Godkjenning av innkalling

Innkallinga vert lagt ut på Havstril padleklubb si FB-side ein månad på førehand.

Forslag frå styret: Innkallinga vert godkjent.

Følgande hadde ordet i saken:

Trond Hagenes og Rune Hevrøy.

Vedtak: Forslaget vert samrøystes vedteke.

Sak 7 Godkjenning av sakliste

Sakslista vert lagt ut sju dagar før årsmøtet, med supplering av innstillinga frå valkomiteen og supplert med kontrollkomitéens beretning.

Forslag frå styret:

Saklista vert godkjent.

Følgande hadde ordet i saken:

Trond Hagenes.

Forslaget vert samrøystes vedteke.

Sak 8 Behandling av idrettslaget si årsmelding, herunder eventuelle gruppeårsmeldingar

Årsmeldinga vert lest laust opp, og årsmøtet supplerte med innspel. Det vert påpeika at aktivitetane har auka, og at me i tillegg til det som stod i meldinga òg har hatt rullekurs.

Forslag frå styret:

Årsmeldinga vert godkjent.

Følgande hadde ordet i saka: Ingeborg Astrid Kleppe, Kersti Østervold, Rune Hevrøy, Eirik Bendiksen, Ingunn Anne Berge Vik og Trond Hagenes.

Vedtak: Forslaget vert samrøystes vedteke.

Sak 9 Behandling av idrettslaget sitt rekneskap, styrets økonomiske beretning, kontrollutvalet si beretning

Sak 9.1

Behandling av idrettslagets rekneskap

Vert gjort munneleg greie på frå leiar, som òg kommenterte revisjonen.

Forslag frå styret:

Rekneskapet vert godkjent.

Følgande hadde ordet i saka: Trond Hagenes, Kersti Østervold, Rune Hevrøy

Vedtak: Forslaget vert samrøystes vedteke.

Sak 9.2

Behandla styret si økonomiske beretning vert munnleg gjort greie for.

Forslag frå styret:

Styrets beretning vert godkjent

Følgande hadde ordet i saken: Trond Hagenes.

Vedtak: Den økonomiske beretninga vert samrøystes vedteke.

Sak 9.3

Handsama kontrollutvalet si beretning

Forslag frå styret:

Kontrollutvalets beretning vert godkjent

Følgande hadde ordet i saken: Trond Hagenes leste opp beretninga, sidan utvalet ikkje var representert på sjølve årsmøtet.

Vedtak: Forslaget vert vedteke.

Sak 10 Behandling av forslag og saker

Sak 10.1 Honorar styreleiar

Havstrilstyret fremja forslag om godgjering til leiar.

Følgande hadde ordet i saken: Rune Hevrøy, Ingeborg Astrid Kleppe.

Vedtak: Forslaget vert samrøystes vedteke.

Sak 10.2 Auka styresamansettinga med 1 ungdomsrepresentant.

Forslag frå valkomitéens leiar Eli Kr. Larsen. Forslaget vert vedteke med teksten «fortrinnsvis ungdomsrepresentant», sidan det kan vera vanskeleg å finna representantar under 26 år til ei kvar tid.

Fylgjande hadde ordet: Kersti Østervold, Rune Hevrøy, Ingunn Anne Berge Vik og Trond Hagenes.

Vedtak: Saka vert samrøystes vedteke i tråd med forslaget.

Sak 10.3 Endra Havstrils padleklubbs lov

Saka vert fremja av Havstrilstyret slik at lova skal harmonera med vedtaket i 10.2.

Vedtak: Saka vert samrøystes vedteke.

Sak 11 Vedta idrettslagets budsjett

Budsjettet vert lagt fram.

Forslag frå styret: Budsjettet vert lagt fram med to verbale tilleggspunkt:

Styret får fullmakt til å disponera auka inntekter som fylgje av kurs, midlar frå søknadar eller offentlege tilskot i samsvar med inntektene som fylgjer med.

Årsmøtet gjev tilslutning til at Havstril pk sine øymerkte midlar Kystturhytta ved Skårøyane kroner 527 356 vert overført Austevoll kommune når bygginga av hytta er i gang.

Følgande hadde ordet i saken: Trond Hagenes

Vedtak: Forslaget vert samrøystes vedteke.

Sak 12 Fastsetja medlemskontingent

Styret meiner at det vert for mykje administrasjon å handtera studentavgift med det nye systemet me er pålagt på bruka. I tråd med styremøteforslag fremja dei dermed seniorkontingent på 500, ungdom under 19 250 kroner og familiekontingent kr 900,-

Forslag frå styret:

Medlemskontingent for 500 for vaksen/senior – 250 for ungdom og 900 for familie.

Følgande hadde ordet i saken: Trond Hagenes

Vedtak: Forslaget vert vedteke samrøystes.

Sak 13 Valg

Valkomitéens innstilling vert lagt fram.

13.1 Valg styre

Val av styreleiar:

Forslag frå valkomiteen: Trond Hagenes

Trond Hagenes vert vald som styreleiar.

Følgande hadde ordet i saka: Rune Hevrøy

Vedtak: Forslaget vert samrøystes vedteke

Valg av nestleder:

Forslag frå valkomiteen: André Hole

André Hole vert vald som nestleiar.

Følgande hadde ordet i saka: Trond Hagenes

Vedtak: Forslaget vert samrøystes vedteke.

Val av øvrige styremedlemmar:

Forslag frå valkomiteen:

Kersti Østervold, Kathrine Hausberg og Hilde Elisabeth Klepsvik vert valde som styremedlemmar.

Følgande hadde ordet i saken: Trond Hagenes, Rune Hevrøy, Kathrine Hausberg og Kersti Østervold

Vedtak: Forslaget vert vedteke.

Val av varamedlemmar:

Forslag frå valkomiteen:

Rune Hevrøy, Therese Melvær og Doris Beate Bakke vert vald som varamedlemmar til styret.

Følgande hadde ordet i saken: Trond Hagenes

Vedtak: Forslaget vert samrøystes vedteke

Styret i Havstril padleklubb består frå 16. mars av følgende personer: Trond Hagenes, André Hole, Katrine Hausberg, Hilde Elisabeth Klepsvik og Kersti Østervold.

14.2 Val av kontrollutval

Valkomitéens innstilling vert lagt fram.

Val av leiar i kontrollutvalet

Forslag frå valkomiteen:

Hans Inge Gloppen vert vald som leiar av kontrollutvalet.

Følgande hadde ordet i saken: Trond Hagenes.

Vedtak: Forslaget vert vedteke.

Val av medlemmar i kontrollutvalet

Forslag frå valkomiteen: Geir Lasse Taranger og Ingeborg Astrid Kleppe.

Følgande hadde ordet i saken: Trond Hagenes

Vedtak: Forslaget vert samrøystes vedteke.

Val av varamedlemmar til kontrollutvalet

Forslag frå valkomiteen: Eirik Bendiksen vert vald som varamedlem av kontrollutvalet.

Vedtak: Forslaget vert vedteke.

13.3 Val av representantar til ting og møte i andre organisasjonsledd der idrettslaget har representasjonsrett eller gje styret fullmakt til å oppnemne representantane.

André Hole vert vald som medlem til Austevoll idrettsråd.

Forslag frå styret: André Hole vert vald som representant til Austevoll idrettsråd.

Følgande hadde ordet i saken: Trond Hagenes.

Vedtak: Forlaget vert samrøystes vedteke.

13.4 Val av valkomité

Val av leiar i valkomiteen

Forslag frå styret:

Silje Rusten vert vald som leder av valkomiteen.

Følgande hadde ordet i saken: Trond Hagenes

Vedtak: Forslaget vert vedteke.

Val av medlemmar i valkomiteen

Forslag frå styret:

Liv Bente Storebø og Per Teigen vert valde som medlemmar av valkomiteen.

Vedtak: Forslaget vert vedteke.

Val av varamedlem i valkomiteen

Forslag frå styret:

Eli Larsen vert vald som varamedlem av valkomiteen.

Vedtak: Forslaget vert samrøystes vedteke.

Sak 14 Engasjera revisor til å revidera idrettslagets rekeskap

Leiar la fram forslag om å igjen nytta Magnus Tveit til revisjon av padleklubbens rekneskap for 2023.

Forslag frå styret: Magnus Tveit vert nytta som revisor.

Følgande hadde ordet i saken: Trond Hagenes


Vedtak: Forslaget vert samrøystes vedteke.

4. april 2023

A handwritten signature in black ink, reading "I. Kleppe". The signature is written in a cursive style and is positioned above a horizontal dashed line.

[Ingeborg Astrid Kleppe]

Austevoll 4. april 2023

A handwritten signature in black ink, reading "Ingunn Berge Vik". The signature is written in a cursive style and is positioned above a horizontal dashed line.

Ingunn Berge Vik

A handwritten signature in black ink, reading "Eirik Bendiksen". The signature is written in a cursive style and is positioned above a horizontal dashed line.

Eirik Bendiksen